



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjordal og Ortnevik sokneråd

### Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd onsdag 06.12.23 kl. 18.00 – 20.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Kjersti J. Søreide, Sissel Sørebo, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbø.  
Ingunn Østerbø på telefon

I tillegg Inger Cesilie Fitje

Til opning las Geir tekst frå Jes. og ei bøn frå boka I tillit.

Innkallinga vart godkjent.

#### Meldingssaker:

- 40/23 Konstituering fellestrådet – Sturla B. Fossen blei leiar og Terje Søreide nestleiar.
- 41/23 Det var møte i trusopplæringsutvalget 31. oktober hjå Camilla i Ortnevik.
- 42/23 Heike Müller er no fast tilsett som kyrkjelydsarbeidar.
- 43/23 Camilla, Sissel, Terje og Kjersti reiste på soknerådskurs i Førde 15. nov.
- 44/23 Fagdag på Alværa 23. nov. med stabsmøte, fellestrådsmøte og samling for alle sokneråda med prost.
- 45/23 Biskopen blir med på jubileumsmarkering for Ortnevik kyrkje 100 år - 5. oktober 2025.
- 46/23 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :
  - T- klubb i gamlebanken for 1.-7. klasse 24. oktober – 6 barn + Heike og Ann I.
  - Myldresamling 29. okt. vart avlyst då det var ingen påmeldt.
  - Helgemesse i Bjordal 5. november - 20 personar. Anders B. spela.
  - T- klubb 7 nov. blei avlyst sidan det var få påmeldingar.
  - Song på Bygdetunet 30. okt. 13. nov. og 4. des. med rundt 20 personar kvar gong.
  - Gudsteneste i Bjordal 26. nov – 10 personar. (Tårnagenthelga 25. - 26. nov. vart flytta til det nye året)
  - T- klubb/ juleverkstad i gamlebanken for 1.-7. kl. 5 des. – 5 barn + ein ungdom + Heike og Ann I.
  - Framleis God helg v/Geir Sørebo på nett (worshippinginthenature.com).

#### Sakliste

##### Sak 53/23 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 17. oktober.

**Vedtak:** Møteprotokoll for 17. oktober vart godkjent.

##### Sak 54/23 Inger Cesilie fortel litt om sine tankar og forventningar knytt til stillinga ho går inn i over nyttår.

For Inger C. er det både spennande og litt skremmande med den nye stillinga. Ho er utdanna sosionom og diakon og har erfaring med barn og ungdom innan kyrkja.  
Det 3 – årige diakonprosjektet inneber gudstenester, andakter på institusjonar og gravferder i kommunen.  
No i starten blir sørsida prioritert og kontoret blir i Høyanger. Ho vil samarbeide med dei andre tilsette, og oppgåvene må ein ta etter kvart; og vekse inn i. Inger ynskjer å bygge bru mellom kyrkje og samfunn.

##### Sak 55/23 Tenkje framover: Kva ynskjer vi å sjå i soknet vårt? Kva brenn vi for? Kva er vi motiverte for å arbeide med? Idemyldring og samtale.

Alle fekk muligheit til å dele sine tankar. Det er ynskje om meir kultur i kyrkja og meir tilpassa musikk/ konsertar. Bygge bru med samfunnet, og samarbeide med skule og vere med å oppfylle læreplanen. Meir open kyrkje og informasjon/ brosjyre i kyrkjene. Legge opp til meir aktivitet når det er sommar og ferie og det er mange som er heime. Få mennesker til å få eigarskap til kyrkja og motivere dei. Satse på det som fungerer.  
På neste møte set vi ned ein konkret plan !

##### Sak 56/23 Gudstenesteplan vår 2024: Er det noko vi kan gjere for å få fleire til gudsteneste dette halvåret?

**Vedtak:** Vi såg på planen fram til påske og drøfta gudstenestene :

- 7. januar kl. 11 blir Inger C. innsett i Bjordal. Kyrkjekaffi : Kjersti og Ingunn bakar. Camilla, Kjersti og Ann I. tek med ei kaffe kaffi kvar. Camilla inviterer viktige personar !  
Kjersti tek kontakt med redaktør Stig H. Øvreås for intervju med Inger i forkant til Ytre Sogn. Vi prøver invitere med oss fleire om vi kan.
- 18. feb. kl.11 i Bjordal
- Tårnagentgudsteneste i Bjordal 17. mars kl. 16 – Camilla tek kontakt med Heike om dato.
- Påskesamling onsdag 27. mars kl.18.00 i Ortnevik
- 1. påskedag 31. mars kl. 16 i Bjordal

##### Sak 57/23 Trusopplæringsplan 2024.

**Vedtak:** Trusopplæringsplanen vart godkjent.

**Sak 58/23 Julekonsert.**

**Vedtak:** Det blir tatt opp ei gåve til kyrkjelydsarbeidet ved utgangen –vipps og kontantar. Kjersti og Sissel tek ansvar for kjøp og utdeling av blomster og sjokolade til deltakarane. Vi prøver å dele og kunngjere konserten så best vi kan.

**Sak 59/23 Offerplan og offerliste for 2024**

Soknerådet vedtok same offerliste som for 2023.

**Vedtak:** Offerliste 2024 :

Prioritert i denne rekkjefylgja: Kirkens Nødhjelp, Alværa kyrkje- og misjonssenter, NMS/Mali, kyrkjelydsarbeidet, KFUK/KFUM Sogn og Fjordane krins, Helgestunder, Redd Barna og Sjømannskyrkja X 2.

Utgangspunktet er 8 offerformål x 2 i kvar av kyrkjene.

I Ortnevik med berre 6 forordna gudstenester i året, går sjømannskyrkja ut.

Soknerådet vedtok offer til Alværa på konfirmasjonsdagen, og Kirkens Nødhjelp på julaftan. Dersom det er gudsteneste på tv- aksjonsdagen går offeret til dette formålet.

Inger C. og Ann I. får ansvar for å setje opp offerformåla til gudstenestene, og prøver å tilpasse offeret til søndagen.

**Sak 60/23 Val av kirkens nødhjelp-kontakt for perioden**

**Vedtak:** Sissel fortsetter som kirkens nødhjelp kontakt.

**Sak 61/23 Møteplan vidare.**

**Vedtak :** Vi sette opp desse møtedatoane for våren: torsdag 18.januar, (årsmøte onsdag 14.februar), torsdag 14.mars og torsdag 25.april.

**Eventuelt**

**Sak 62/23 Redaksjonskomite for Helgestunder.**

**Vedtak:** Sissel kan fortsette som soknet sin representant i redaksjonsnemnda.

Camilla M. Ådland  
Leiar

Ann Iren Østerbø  
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor